

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Fylke: Møre fylke

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Tressjørd

Emne: Lyngging og moing

Bygdelag: Tressjørdbygda

Oppskr. av: Hans Skeidsvoll

Gard: Skeidsvoll

(adresse): Tressjørd

G.nr. 16 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): over 80 år.

## SVAR

A. Lyng vest sankta.

I. Her er ikkje tradisjon om innsamling av lyng til vinterfôr. Dei slo alle lyngtjører i markasbatta med same dei slo høyet og tørka det ilag. God saumot.

Eit gammalt ordtak om at slåttamannen skulde slå vel lita so: Ikkje topp på tven å ikkje krage omkring steinann.

Det her ofta vore "træ vâra" og lang vârsnippe, men i slike høve plar det vera tjukk snøbrei nedetter skogliderne der det veks lyng, og då var det ikkje beinsamt å komma ned til lyngtjører. Det var nok skogen dei laut ty til i slike høve for å berge buskafon.

B. Lyng som beite.

No er her lang tid (over 100 år) sidan det var "slept ut" geit og sau på vinterbeite. - Geit og jeillbakra var vanleg i same fjøs: bekkerfjösen. Når det var laglegt vârt vart desse dyr "slept ut" for å gnage på slikt som var hant heim i turet frå skogen. Når det var snølaust bar det vel utover markane og, men i styggerier vart det drege skav og spat inn i fjösen til å gnage på. Må vel nemna at det var vanleg forsi 100 år sidan at alle bekkerlamb, so nær som dei som vart utsett til springbekkra, vart "jeilla" (kastervat) om våren. Ein stor part av desse vart "pârett" og fôdda

2  
opptil ei 6-7 vintar. Disse dyr var billege i foster, gav mykje ill  
og tilslutt overlag godt spikjekjøtt. På lag halvparten av den  
vinterfødde saueflokken var slike dyr. —

## II. Mosing.

Her er ikkje segn om mosesanking. Reinsmose  
er ikkje her og heller ikkje annan eteleg mose i so  
stor mengd at det vart til nokor hjelp til dyrefôr.

Gran var ikkje i skogane her fyrr i seinare tid  
ho vart planta. På furutre og andre er og lav; men  
so klarasam livberging av buskapane her dei  
nok ikkje drive med.

### Annar mose.

Matmose til grismat her eg ikkje høyrer om,  
men derimot brukte dei matmose til dygging  
av folkematen i naudsari, — tørka og mol han  
til mjøl liksom borken av hatt og alm.

2308

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING